



Tor Åge Ryland
Dalstøvegen 27
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/906 - 19/3670

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:
20.02.2019

Førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt - GBNR. 18/57, 63 - Tilknytning til kommunvalt VA-anlegg

Saka gjeld

Meland kommune kan ikkje sjå at du har etterlevd pålegget av 04.12.2017 om å kople eigedomen til det kommunale vassanlegget innan fristen 01.10.2018.

Grunngjeving for førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt

I vedtak av 04.12.2017 vart det vedteke at:

«Meland kommune gjev gbnr. 18/57, 63 pålegg om tilkopling til det kommunale vassanlegget, jf. plan- og bygningslova § 27-1. For grunngjeving og vurdering, sjå ovanfor.»

Vi kan ikkje sjå å ha motteke ferdigattest frå røyrleggjar som syner at vassanlegget er knytt til det kommunale vassanlegget.

Som følgje av det ovannemnde vert du varsla om at kommunen vil vurdere å ileggje dykk tvangsmulkt dersom eigedomen ikkje vert knytt til det kommunale vassanlegget og vi ikkje mottek dokumentasjon på det, slik pålegget av 04.12.2017 angjev.

Førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert du hermed varsla om at kommunen vil vurdere å ileggje deg tvangsmulkt dersom du ikkje følgjer pålegget **innan 21.09.2019**.

Tvangsmulka vil bli gjeve enten i form av eit eingongsbeløp, ei dagmulkt eller ein kombinasjon av desse. Eingongsbeløpet er normalt kr. 5000,-, medan dagmulka vil vere på kr. 100,- dagen.

Ilegging av tvangsmulkt vil i så høve bli gjeve i form av eit eiga vedtak når tidsfristen er ute.

Andre opplysningar

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom eit pålegg ikkje vert etterlevd innan fristen kan kommunen fatte førelegg i medhald av plan- og bygningslova § 32-6. Førelegg er ein sanksjon som kommunen kan nytte for å få gjennomført eit pålegg om retting når tiltakshavar ikkje sjølv etterlev pålegget. Eit eventuelt førelegg vil gje kommunen heimel for å kunne utføra arbeid på eigedomen i samsvar med pålegget på di rekning. Førelegget kan få same verknad som rettskraftig dom.

Du blir hermed varsla om at kommunen vil vurdera å førehandsvarsele deg om å fatte eit førelegg dersom du ikkje etterlev pålegget innan fastsatt frist.

Dine rettar

Du har rett til å uttale deg før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt. Det vert gjeve ein frist **på 3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk til å ntte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller e-post postmottak@meland.kommune.no.

Ved all vidare kontakt i denne saka ver venleg å referer til saksnr. 17/906.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Tor Åge Ryland

Dalstøvegen 27 5918

FREKHAUG